

ARKEOLOGISK REGISTRERINGSRAPPORT

2024/20139 Riser bru

Indre Østfold kommune


Jan Berge 2025





Saksnummer og navn:		2024/20139 Riser bru
Kommune:		Indre Østfold
Gardsnamn - gnr./bnr.:		Riser nordre 864/1, Hvitstein søndre 901/1, Hul 902/1
Oppdragsgjevar:		Indre Østfold kommune
Feltarbeolog:		Jan Berge
Sakshandsamar:		Per Erik Gjesvold
Registreringsperiode:		01-03.09.25
FAGLEGE KONKLUSJONER:		ASKELADDEN ID:
<input checked="" type="checkbox"/>	Ingen funn:	
<input type="checkbox"/>	Funn av automatisk freda kulturminne:	
<input type="checkbox"/>	Lausfunn – ikkje automatisk freda:	
<input type="checkbox"/>	Utvida registrering - utgraven:	
<input type="checkbox"/>	Frå før av kjente kulturminne:	
Stikkord:		

Framsida: Ole Laurits kryssar brua med maskina si. Sett mot vest-nordvest.




Plassering av planområdet i Østfold fylke.

Bakgrunn for registreringa

Det er varsla utviding av planområde for pågåande arbeid med detaljreguleringsplan for Riser bru. Kryssinga av Hobølelva på Ryggeveien skjer i dag på ei eldre trebru. Hensikta med planarbeidet er å legge til rette for bygging av ny bru. I samband med anleggsverksemda er det behov for å utvide planområdet, for å få plass til rigg, brakker og liknande.

Det er ikkje kjent til automatisk freda kulturminne innanfor planområdet frå før. Det næraste er ein gravhaug liggande rundt 500 meter mot aust-søraust. Det ligg fleire gravminne spreidd ut over høgdedraga rundt om, noko som vitnar om ferdsel og busetnad i forhistorisk tid. Ut i frå denne kunnskapen og området topografi, fann fylkeskommunen det naudsynt med ei arkeologisk registrering i området, før det kunne gjevast ei endeleg fråsegn i saka jf. kulturminnelovas § 9.



Planområdet med nærliggande kulturminne.


Deltakarar og tidsrom

Med på denne undersøkinga var arkeolog Jan Berge frå Østfold fylkeskommune. Maskinførar var Ole Laurits Berger, frå Berger og Bro Anlegg AS.

Feltarbeidet vart gjennomført i byrjinga av september 2025.

Områdeskildring

Planområdet ligg på kvar side av Ryggeveien ved Riser bru, aust for Fv120 Elvestadveien. Elvestadkrysset på E18 ligg 5,2 km mot nordaust. Sonsveien kryssar E6 12,9 km mot sørvest.



Planområdets lokasjon i Indre Østfold kommune.

Det generelle nærområdet er høvesvis flatt jordbrukslandskap, med skogkledde kollar og åsryggar spreidd rundt. Sjølve planområdet er i all hovudsak dyrka mark, der Hobøelva delar den flate topografien i to.

Metode

Maskinell sjakting

På denne undersøkinga vart maskinell sjakting nytta som registreringsmetode. Dette er den vanlegaste metoden arkeologane nyttar på dyrka mark. Vi opnar opp sjakter på om lag 3 m breidde med gravemaskin med flatt skjer på grabben og fjernar matjordlaget til vi kjem ned til undergrunnen. Denne vert reinsa fram med krafse og graveskei etter kvart der dette er naudsynt. Eventuelle førhistoriske strukturar som kokegroper, stolpehol, graver etc. vil vise seg som fyllskifte i undergrunnen.


Som dokumentasjon vart det teke digitale foto. Sjaktene vart målt inn med CPOS. Kartgrunnlag for innmålingane er ETRS 1989 UTM Zone 32N.



Ole Laurits i gang med fyrste sjakta, på vestsida av elva, nord for Ryggeveien.

Undersøkinga

Vi opna opp 5 sjakter – to på vestsida og tre på austsida av elva. Undergrunnen på vestsida er gul leire. På austsida er leireundergrunnen meir gråaktig. Ingen funn vart gjort. Det var også generelt lite å sjå av moderne forstyrringar, med unntak av eit par grøfter nærast elva og alminnelege plogspor.



Plangrensa og sjaktene.



Brua sett frå austre ende av vestre sjakt sør for veg. Sett mot aust.



Dei to sjaktene på vestsida av elva. Sett mot aust.



Sjakta nærast elva på austsida. Sett mot nord.



Oversikt over heile planområdet. Sett mot vest.

03.09.2025

Handwritten signature in blue ink.

Feltarbeolog